
Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/11273-1

Dato
04.02.2014

Svar på spørsmål vedk. studentbevis.

Fylkesrådmannen viser til møtebok frå møte i Opplærings- og helseutvalet 12.11.13 der Bjørnar Hamre stilte følgjande spørsmål:

«1. Blir student – og elevbevis som har gyldighetsperiode på 2-3 år frå vidaregåande og teknisk fagskule godkjent som student- og elevbevis hos Skyss når desse ikkje har noko form for semesterbevis?

2. Er det fylkeskommunale rutiner for elev- og studentbevis som sikrar at desse blir godkjent som gyldig studentbevis i kollektivtrafikken ?»

UngdomSkyss gjeld fram til ein fyller 20 år. Dermed vil dei som går på vidaregåande/fagskule bruke UngdomSkyss og ikkje PeriodeSkyss for studentar. Dei treng kun gyldig legitimasjon for å bevise at dei er i rett aldersgruppe.

Følgjande reglar gjeld for student elevbevis:

Gyldig tilleggsbevis for studentar er dokumentasjon for betalt semesteravgift (semesterkort/årsmerke/student-/skulebevis med oblat) frå utdanningsinstitusjonar i Noreg. Studentar ved utdanningsinstitusjonar i utlandet må syne fram internasjonalt studentkort (ISIC-card). Utanlandske studentar må vise fram legitimasjon og inntaksbrev frå skulen.

Gyldig tilleggsbevis for lærlingar og lærekandidatane er som følgjer:

- Personleg ID-kort frå bedrift, merka "Lærling" eller "Lærekandidat"
- Kopi av lærekontrakt
- Stadfesting frå bedrift om at vedkomande er lærling/lærekandidat, og periode for lærekontrakt, påført namn og fødselsdato

Gyldig tilleggsbevis for fagskuleelevar og vaksenopplæringsselevar er elevkort/studentidentifikasjon med bilde og stempel frå skulen.

